

Finansdepartementet,  
Akersgata 40,  
Postboks 8008 Dep,  
0030 Oslo

Deres ref: 12/4613 ATV/NZM

Vår ref: 13/00181

Oslo, 19. mars 2013

## Høyringsvar til framlegget om nye krav til årsrapport og årsrekneskap for statlege verksemder

Norsk filminstitutt (NFI) er i det overordna positive til dei framlegga til krav til årsrapporten som blir lagt fram frå Finansdepartementet og Direktoratet for økonomistyring. Det vil kunne vere både arbeidssparande for den enkelte verksemda og effektivt for det overordna departementet å gjere rapportane meir samanliknbare, ikkje minst over år.

Vi vil likevel peike på at det truleg vil vere fornuftig med rom for visse tilpassingar avhengig av karakteren til verksemda. NFI har til dømes oppgåver både som tilskottsforvaltar, der fondsmidla ikkje følgjer kontantprinsippet, men der forvaltninga av dei går inn blant viktige resultatparameter. Samtidig har NFI driftsoppgåver som følgjer kontantprinsippet. Rapporten kan derfor ikkje utan vidare følgje kontoplanen.

Ei samordning av strukturen for årsrapporten vil derfor også krevje at det blir spegla i tildelingsbrevet. Det må vere departementa som vurderer om det er ønskeleg.

Dei enkelte spørsmåla i høyringsnotatet blir besvart og nummerert i tråd med framlegget.

- 1) Etter NFIs syn er det ønskeleg at det blir etablert overordna krav til innhald struktur og publisering av årsrapportar. Dersom det er behov for særskilte tilpassingar, bør dette kunne løysast gjennom spesifikke tilleggsoppgåver gitt frå departementet.
- 2) Tildelingsbrev, årsrapportar og årsrekneskap bør vere offentlege og publisert elektronisk. NFI publiserer allereie i dag årsrapport med rekneskap, og tildelingsbrevet er offentleg.
- 3) Informasjon som er unnateke offentleggjering kan liggje som tillegg. Dette bør likevel vere unntaket, slik at hovudregelen er offentleggjering. Dersom det er behov

for å unnta mindre delar, er det eit alternativ å sladde ut dei sensitive delane.

- 4) Vi ser det ikkje som vesentleg om frist for innsending er 1. eller 15. mars, men dess meir omfattande rapporten er, dess lengre tid treng ein for å kunne levere med tilstrekkeleg kvalitet.
- 5) NFI skal innføre ny kontoplan våren 2013. Utan god kjennskap til dette, er det vanskeleg å seie noko om kva behov for rettleiing verksemda vil ha i arbeidet med årsrapport og årsrekneskap.
- 6) Omfanget av rapporten vil truleg variere ut frå mengda mål den enkelte verksemda skal rapportere på. I staden for ei maksimalgrense for omfang, kan det vere betre å gi rettleiande rammar for omfanget.
- 7) Om dette vil fungere strategisk er avhengig av at det blir utarbeidd ein klar samanheng mellom mål i tildelingsbrevet og den rapporten som blir etterspurt. Det vil kunne tyde at også tildelingsbrevna bør bli justerte.
- 8) Om ein skal gi rom for unntak bør vere opp til det ansvarlege departementet å vurdere ut frå karakteren av den enkelte verksemda.
- 9) Leiaren bør signere etter leiarens melding. Her må ein likevel ta stilling til dette særskilt i dei verksemdene som har eit styre som svarar for måla.
- 10) Den enkelte verksemda kan ha kjennskap til tilhøve som er av vesentleg karakter, men som anten ikkje var kjend på det tidspunktet tildelingsbrevet vart skrive, eller det anten verksemda eller omverda har endra karakter. Det bør derfor vere høve til å ta inn særskilte tilhøve som ikkje er nemnd i tildelingsbrevet i noko omfang.
- 11) Det vil vere ein fordel om årsrapporten vart eit meir strategisk dokument, slik at andre rapportar og reine oversyn blir lagt ut i vedlegg.
- 12) Tilrådingane i kapittel 2.4 om punkt III verkar å vere basert på verksemder som sjølv er utøvande. For reine forvaltningsorgan kan det vere andre vurderingar som er meir relevante i målinga av ressursbruk opp mot måloppnåing. Det er etter vårt syn vanskelegare å setje for strenge og einskaplege krav til dette punktet, fordi det da vil bli mindre eigna som strategisk styringsverktøy.
- 13) Vi har ingen tillegg til det som ligg i framlegget.

14) Dersom framtidsutsiktene tyder på behov for endringar i gjeldande strategi, bør det omtalast for å gi departementet eit riktig bilete av utfordringane i framtidig styringsdialog.

15) Dersom det ligg føre endringar i omverda av ein slik karakter at det vil påverke området som er dekt av overordna planar vesentleg, bør det omtalast i årsrapporten.

NFI har ingen andre tillegg til framlegga til oppstilling av årsrekneskapen.

Med vennleg helsing

Nina Refseth  
Direktør

Brevet er godkjend elektronisk, og har derfor ikkje signatur.